



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/110715-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.08.2016

Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Nesfossen – Varsel om motsegn – PlanID 1263-201508 – Lindås kommune

Statens vegvesen viser til kunngjering om 1.gangs offentlig ettersyn datert 07.07.2016. Høyringsfrist for planen var 27.08.2016. Etter avtale med Lindås kommune har Statens vegvesen fått utsatt fristen til 7.september, jf. e-post motteke 24.08.2016.

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. I denne planen uttaler vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport, deriblant trafikktryggleik, og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

Statens vegvesen ser at planen ikkje varetar våre interesser tilstrekkeleg. Trafikktryggleik er ikkje vurdert i planarbeidet, og tilknytning til offentlig vegnett er ikkje vurdert. Våre motsegn er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst.

Saksopplysningar

Planforslag for Nesfossen er lagt ut til 1.gangs offentlig ettersyn. Hovudføremål med planforslaget er å leggje til rette for ei større utviding av eksisterande akvakulturanlegg som ligg på Nesfossen i dag. Det er utarbeidd planprogram og konsekvensutgreiing for det planlagde tiltaket.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Føringar for planarbeidet

Både nasjonalt og lokalt er det eit overordna mål om færre alvorlege trafikkulykker. Statens vegvesen har ein visjon om null hardt skadde eller drepne i vegtrafikken, og trafikktryggleik ligg såleis til grunn i alt arbeidet vi gjer. Vegnormalen (mellom anna N100 Veg- og gateutforming) er heimla i vegloven § 13, og er ei del av det regelverket som skal ivareta slike interesser. Trafikktryggleik og framkomst for alle trafikantgrupper ligg til grunn for dei tekniske krava våre handbøker gir ei oversikt over.

Vår vurdering av planforslaget

Ved varsel om oppstart av planarbeidet og framlegging av planprogram, bad Statens vegvesen om at den private tilkomstvegen og kryss med hovudvegen vart innlemma i planområdet, og viste til at utbygginga vil gi auka trafikk til området.

I vår kommentar til planprogrammet omtalar vi òg at trafikale konsekvensar av utvidinga må vurderast med tanke på trafikksikre løysingar. Etter vårt syn er dette ikkje tilstrekkeleg vurdert i planarbeidet.

Forslagsstiller skriv i sin kommentar til vår merknad at:

«Anlegget vil generere liten vekst i trafikken langs eksisterande veg. Brorparten av trafikk som vil verte generert gjennom eit nytt anlegg, vil ta stad frå sjø, med båt. Ein utviding av anlegget vil gje nokre nye arbeidsplasser, men dette vil ikkje gje nemneverdig auke i ÅDT.»

I saksdokumenta til Lindås kommune kommer det fram at utvidinga gir ei auke på inntil 10 nye arbeidsplassar. Etter vårt syn er dette nok til at ein må vurdere kryssområdet i planarbeidet. I tillegg må ein vurdere trafikale konsekvensar i anleggstida. Vi stiller òg spørsmål ved om varelevering for verksemda vil skje sjøvegen, og viser til at det vert regulert 30 parkeringsplasser i planen.

Om fv. 57

Fv. 57 gjennom Lindås er ei vegstrekke med mange ulukker. Statens vegvesen er difor svært opptatt av at situasjonen ikkje vert forverra, og har ekstra fokus på val av trygge vegløyser. I *Regional transportplan Hordaland 2013–2024* er vegen klassifisert som overordna vegnett og er ein viktig beredskapsveg. Vegen er vidare klassifisert med haldningsklasse 2 i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest*. På denne vegen har vi ein streng forvaltningspraksis ved handsaming av kryss og avkøyrslar.

Ved krysset med Nesfossen er fv. 57 rett og oversiktleg, noko som innbyr til forbikøyring. Det viser òg vegmerkinga på staden. Kombinasjonen av forbikøyring og utkøyring frå sideveg er uheldig for tryggleiken, og i samband med utvida bruk av avkøyrsla er det naturleg å vurdere kompenserte tiltak, til dømes kanalisering av krysset, vurdert på bakgrunn av ein trafikkanalyse og med trafikktryggleikskompetanse.

Om planforslaget

Vi kan ikkje sjå at ein i planarbeidet har vurdert dei trafikale tilhøva på fv. 57 og ved krysset mot Nesfossen. Etter vårt syn må ein her regulere løysingar som ivaretek tryggleiken både til dei som køyrer på hovudvegen fv. 57 og dei som skal til og frå akvakulturanlegget. Til grunn for dette må det liggje ei vurdering av trafikktryggleiken.

Vidare vil planforslaget etter vårt syn ikkje gi heimel for tilknytning til fv. 57 for det utvida planområdet, når dette ikkje er innlemma i planområdet. Ved ønske om utviding av akvakulturanlegget i tråd med reguleringsplanen, vil ein måtte søke om utvida bruk av avkøyrsla, jf. veglovens §§ 40–43. Statens vegvesen vil då vurdere å sette krav til utbetring av kryssområdet. Etter vårt syn er det ei betre løysing å gjere denne vurderinga i planprosessen, slik at ein kan regulere nødvendig areal til tiltaket.

Statens vegvesen finn det òg naturleg med føresegn om rekkefølge, der krysset må vere utbetra før igangsetting av utbyggingstiltak på akvakulturanlegget. Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til fylkesvegen kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.

Konklusjon

Planforslaget tilfredsstillar ikkje våre interesser når det gjeld trafikktryggleik. Statens vegvesen fremjar difor motsegn til planen, i lys av vår rolle som fagmynde for trafikktryggleik og framkomst.

Statens vegvesen – Region vest
Med helsing

Helge Eidsnes
regionvegsjef

Olav Finne
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ